

Til redaksjonen



## Pressemelding

18.6.2021

### **Ingen endring for skulestart om morgonen ved Os vgs.**

– Vi utset endring av oppstartstidspunkt om morgonen ved Os vidaregåande skule, slik at det ikkje blir problem for elevar frå Tysnes å reise til skulen i Os, seier fylkesrådmann Rune Haugsdal. Dermed unngår elevar i Tysnes utfordringar knytt til reiseveg etter ferien.

Os vidaregåande skule har hatt planar om å flytte skulestart, men dette fører til problem for elevane på Tysnes, som reiser med skuleskyss i båt frå Reksteren kl. 08.00. Dette er ein skuleskyss som i tillegg til elevar på vidaregåande, har med seg elever i grunnskulen.

Fylkesrådmann Rune Haugsdal seier endringa med skulestart er utsett til skuleåret 2022/2023.

– Vi skal gå i dialog med Tysnes kommune, og gjennom eit nært samarbeid sikre at tilpassingar blir gjort for å ivareta både fylkeskommunen og kommunen sine interesser på ein god måte. Planane er difor utsett, og vi vil starte dialogen i god tid før endring, seier Rune Haugsdal.

**Kontaktperson:**

Rune Haugsdal, fylkesrådmann, mobil 94 50 03 37